

HEIMEN.

Nr. 3

Sundag 4. februar, Kristiania.

1912

„Nylænde“.

„Der brotne kvister i alle skogar,
det heng mold under alle plogar.“

seier gamle Ivar Aasen. Og Gina Krog har visst altfor ofte faatt røyne sanninga av dei orda i dei 25 aar ho har styrt „Nylænde“.

Det er med kvinnesaka som med kvar god og rettferdig sak, som skal arbeidast fram, at det er nokre faa, som klaart ser kva det gjeld, finn boteraadene og modig gaar iver med rudningsarbeide. Men saa er det allstødt ein flokk, som kjem og vil hange med — folk som aldri røynde uretten og ikkje skjøna sjølve kjerna i saka. Dei saag berre det ytre ved saka og saa bar det ut i sjælaus etterapung og smaklaus fanatisme.

„Det heng mold under alle plogar,“ ja. Og kvinnesaka har havt mykje av den molda aa dragast med. Og det har ikkje alltid vore saa gildt for Gina Krog og den flokk av klaarsynte og intelligente kvinnur, som røynde uretten og gjekk i striden for kvinna sin menneskerett i samfunde. Alle som stod utanfor, og saag til, dei saag berre utskelingane og flirde aat det heile. Det var ofte ikkje mykje forstaaing aa faa. Men det som desse fyregangskvinnur har stridd fram i samfunde er det ingen no, som ynskjer umattgjort — ikkje eingong dei mest konservative — dei som snoggaste tok til fliren og hædinga.

Den arbeidsmark, som var nylende for 25 aar sidan, er det ikkje lenger idag — takk vere fyregangskvinnur og „Nylænde“. Men, naar dei siste lov-bokstavane vert skrivne, som formelt gjev kvinna full menneskerett i samfunde, daa kjem det gode arbeidsvilkor for kvinnesaka. For daa kan all arbeidskraft leggjast i det indre kulturarbeid, som skal gjeva kvinna magt til aa hevda sin rett i det daglege liv og i folks umdøme.

Vi vil ynskje at Gina Krog og dei kvinnur som saman med henne har ført kvinnesaka her heime fram til siger — at dei ogsaa maa koma til aa fullføre dette arbeid.

Dette kan vi maalfolk saa hugheilt ynskje, avdi saa mange av dei fremste kvinnesakskvinnur har synt at dei har hjarta paa rette stad ogsaa i det nationale.

Baade Gina Krogh og mange av dei, som saman med henne har vore med og bore „Nylænde“ er varme maalvener — vi vil nemne fru Qvam, fru Randi Blehr fru Fernanda Nissen.

Desse og mange andre har vore med og gjort større lyft for maalsaka og for norskdomsstræve i det heile enn maalfolk flest kjenner til. Og lat oss ikkje gløyme Aasta Hansteen. Saa ihuga maalmann var ho, at ho alt i maalsaka sin fyrste barndom tok til aa skriva landsmaal.

I det store heile lyt ein seia at forarane for kvinnesaka har set med framsyn og forstaaing paa dei spursmaal, som har vore uppe i tida. Dei har ikkje berre tenkt paa sitt og seg sjølve.

Og ein skulde snart merke atterslage i mang ei god og vigttug sak um deira trugne arbeidskraft vart burte.

Vi maalfolk har ikkje alltid set paa kvinnesaka med stor forstaaing — det maa seiest til vaar skam. Vi har for det meste staatt utanfor og set paa og staatt for fliringa.

Men det er ikkje visst vi gjorde klokt i det (rett gjorde vi iminsto ikkje). For „paa alle leider det lyte finst og mykje der, kor ein venta minst. Og det hekk ofte mold under maalplogen òg. Men naar motstandarane vaare lo aat oss og gjorde seg lystuge over „familien Skrull“, vart vi harme og gløymdt at vi altfor ofte tek det paa same maaten, naar det gjeld ei sak som vi staar framande for og ikkje har den rette forstaaing av, men som kan staa som ei hjertesak og ei samfundssak for dei som strid for henne.

